



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet	20.03.2024	35/24
Kommunestyret	16.04.2024	52/24

Arealstrategiar og prosess for grovsiling av innspel i kommuneplanens arealdel

Vedlegg

- 1 Arealstrategiar KPA Vinje - notat til kommunestyret

Dokument i saka

Kommuneplanens samfunnsdel, vedteke i kst. 01.06.2023 i sak 54/23

Bakgrunn

Vinje kommune er i gang med å rullere kommuneplanens arealdel (KPA). Asplan Viak er leigd inn som konsulent, og arbeidet med rulleringa starta i 2023. Det vart i kommunestyret 14.09.2023 i sak 99/23 vedteke at kommunedelplanane (KDP) for Rauland og Åmot skal rullerast samtidig, og at ein kan gjera overordna føresegner i arealdelen gjeldande for dei resterande kommunedelplanane (til dømes om ljosforureining).

Merk at som fylgje av planfaglege vurderingar vert KDP Åmot og KDP Rauland innlemma i arealdelen, og vil ikkje lenger stå som eigne planar etter rulleringa. Administrasjonen ser klare fordelar med å få samla desse i éin plan. *Ein står fritt til å lage ny KDP i desse områda dersom ein ved eit seinare høve ser at det er behov for det.* Dei resterande arealretta KDP-ane (KDP Edland/Haukeli, KDP Vågslid, KDP Rukkemo-Torvetjønn) skal framleis stå som eigne planar.

Arealstrategiar

Arealdelen er ein plan som skal reflektere kommunestyret sine ynskje for utviklinga av den overordna arealbruken i kommunen over lengre tid. Arealbruken skal vera i tråd med dei overordna måla som er vedteke i kommuneplanens samfunnsdel. Arealstrategiar er eit praktisk bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen, der måla som har innverknad på arealbruk i samfunnsdelen set føringar for den faktiske arealbruken i arealdelen.

Vinje kommune skal med arealstrategien og arealplanlegging syte for ein berekraftig samfunnsutvikling, samstundes som omsynet til natur og klima blir ivareteke.

Kommunestyret hadde 30.01.2024 politisk verkstad om arealdelen i regi av Asplan Viak og planadministrasjonen. Her blei framlegg til kunnskapsgrunnlag presentert, samt arealstrategiar som kan trekkast ut av måla i samfunnsdelen.

Grovsiling av innspel

Alle mottekne innspel til arealdelen, KDP Rauland og KDP Åmot skal vurderast opp mot kommuneplanens samfunnsdel, og den utviklinga ein ynskjer for kommunen. Innspela vil bli vurdert opp mot arealstrategiane som kommunestyret vedtek for Vinje kommune. Denne grovsilinga avgjer kva innspel ein skal gå vidare med i prosessen og vidare konsekvensutgreie dersom det er nye utbyggingsområde. Framlegg for grovsilinga av innspel skal vedtakast av kommunestyret før ein går vidare med konsekvensutgreiing av dei resterande innspela.

Oppsummering

Rådmannen rår til at det i denne omgang vert laga eit notat om arealstrategiar, som er utarbeidd på bakgrunn av måla i kommuneplanens samfunnsdel, innspel frå administrasjonen og politisk verkstad 30.01.2024 om arealdelen. På sikt bør ein inkorporere langsiktige arealstrategiar som ein eigen del av kommuneplanens samfunnsdel. Det vil gjera det meir føreseieleg for dei som vil spele inn område i høve seinare rulleringar.

Rådmannens framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtek notat om arealstrategiar, som vert førande for prosessen med grovsiling av innspel til kommuneplanens arealdel og kommunedelplanane for Åmot og Rauland. Innlemming av KDP Åmot og KDP Rauland i KPA er teke til orientering.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 35/2024 i møtet den 20.03.2024

Røysting

Framlegg frå Irja Godal (VTB):

Tilleggspunkt:

Nytt kulepunkt under avsnittet "I planarbeidet skal det vurderast verkemiddel for å kanalisere ferdsel for å ivareta sårbatr natur og tilrettelegging av utfartsområde - i notateto:

Planen må taka omsyn til ferdsel inn i beiteområda til husdyr, og leveområda til villrein og anna vilt.

Rådmannens framlegg blei samrøystes vedteke.

Godals framlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Kommunestyret vedtek notat om arealstrategiar, som vert førande for prosessen med grovsiling av innspel til kommuneplanens arealdel og kommunedelplanane for Åmot og Rauland. Innlemming av KDP Åmot og KDP Rauland i KPA er teke til orientering.

Det skal inn eit nytt kulepunkt:

Under avsnittet "I planarbeidet skal det vurderast verkemiddel for å kanalisere ferdsel for å ivareta sårbatr natur og tilrettelegging av utfartsområde - i notateto:

Planen må taka omsyn til ferdsel inn i beiteområda til husdyr, og leveområda til villrein og anna vilt.

Saksordførar: Irja Godal

Kommunestyret si handsaming av sak 52/2024 i møtet den 16.04.2024

Røysting

Endringsframlegg frå Liv Sigrun N. Midtun (Sp):

Endre det andre kulepunktet under andre avsnitt. Vil at det skal stå: Me vil ha levende grender, og vil fortsette med spreidd bustadbygging i grendene.

Endringsframlegg frå Vinje Tverrpolitiske bygdeliste:

1. I avsnittet "planen skal ta omsyn til sårbar natur og viktige naturverdiar"

Rette til

- Ikkjerealisererte byggjeområde i gjeldande kommuneplan og kommunedelplanar skal revurderast i lys av ny kunnskap og føringar t.d. knytt til myr, leveområda for villreinen vassdrag og areal over tregrensa.

2. Under "Løysingar i planen skal ta høgde for klimaendringar i sørst mogleg grad unngå klimagassutslepp som fylje av omdisponering av areal"

Karbonrike areal som myr, gamalskog og skog med høg bonitet bør ivaretakast.

Røysting:

Midtuns framlegg blei vedteke med 23 mot 2 røyster.

VTBs framlegg pkt. 1 fall med 16 mot 9 røyster.

VTBs framlegg pkt. 2 blei vedteke med 14 mot 11 røyster.

Plan- og miljøutvalets framlegg blei samrøystes vedteke.

Oversikt over røystingar:

Endringsforslag frå L. S. N. Midtun (Sp)	Vedteke
JA 23	NEI 2

SENTERPARTIET (8/8)

- Jon Rikard Kleven
- Liv Sigrun Nykos Midtun
- Gunnar Haugo
- Nils Ole Lien
- Birgit Tveito
- Tone Edland
- Kjetil Nessæther
- Ragnhild Sølberg

UAVHENGIG (3/3)

- Vette Frantzen
- Suhail Mushtaq
- Tove Bringsvær

INDUSTRI- OG NÆRINGSPARTIET (1/1)

- Knut Erik Jordstøyl

SOSIALISTISK VENSTREPARTI (4/4)

- Nils Johan Svalastog Garnes
- Kari Omdal Tveito
- Kjersti Kaasa
- Øystein Høgetveit

VINJE TVERRPOLITISKE BYGDELISTE (2/4)

- Irja Helene Godal
- Johnny Venheim

ARBEIDERPARTIET (3/3)

- Reidun Hyttedalen
- Bertin Bjåen
- Kjellfrid Neset

HØGRE (1/1)

VINJE TVERRPOLITISKE BYGDELISTE (2/4)

- Børge Skårdal
- Bjørnar Kalbach Christensen

<ul style="list-style-type: none"> • Liv Bente Tvenge <p><i>FRAMSTEGSPARTIET (1/1)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Bjørn Ronny Jervsjø 	
---	--

Endringsforslag frå VTB	Falt
JA 9	NEI 16
<p><i>SENTERPARTIET (2/8)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Gunnar Haugo • Birgit Tveito <p><i>INDUSTRI- OG NÆRINGSPARTIET (1/1)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Knut Erik Jordstøyl <p><i>SOSIALISTISK VENSTREPARTI (1/4)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kjersti Kaasa <p><i>VINJE TVERRPOLITISKE BYGDELISTE (4/4)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Irja Helene Godal • Johnny Venheim • Børge Skårdal • Bjørnar Kalbach Christensen <p><i>FRAMSTEGSPARTIET (1/1)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Bjørn Ronny Jervsjø 	<p><i>SENTERPARTIET (6/8)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Jon Rikard Kleven • Liv Sigrun Nykos Midtun • Nils Ole Lien • Tone Edland • Kjetil Nessæther • Ragnhild Sølberg <p><i>UAVHENGIG (3/3)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vetle Frantzen • Suhail Mushtaq • Tove Bringsvær <p><i>SOSIALISTISK VENSTREPARTI (3/4)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Nils Johan Svalastog Garnes • Kari Omdal Tveito • Øystein Høgetveit <p><i>ARBEIDERPARTIET (3/3)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Reidun Hyttedalen • Bertin Bjåen • Kjellfrid Neset <p><i>HØGRE (1/1)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Liv Bente Tvenge

Endringsforslag frå VTB	Vedteke
JA 14	NEI 11

<p><i>SENTERPARTIET (3/8)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Nils Ole Lien • Birgit Tveito • Ragnhild Sølberg <p><i>UAVHENGIG (2/3)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Suhail Mushtaq • Tove Bringsvær <p><i>INDUSTRI- OG NÆRINGSPARTIET (1/1)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Knut Erik Jordstøyl <p><i>SOSIALISTISK VENSTREPARTI (2/4)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kari Omdal Tveito • Kjersti Kaasa <p><i>VINJE TVERRPOLITISKE BYGDELISTE (4/4)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Irja Helene Godal • Børge Skårdal • Johnny Venheim • Bjørnar Kalbach Christensen <p><i>ARBEIDERPARTIET (1/3)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kjellfrid Neset <p><i>HØGRE (1/1)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Liv Bente Tvenge 	<p><i>SENTERPARTIET (5/8)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Jon Rikard Kleven • Gunnar Haugo • Liv Sigrun Nykos Midtun • Tone Edland • Kjetil Nessæther <p><i>UAVHENGIG (1/3)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vetle Frantzen <p><i>SOSIALISTISK VENSTREPARTI (2/4)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Nils Johan Svalastog Garnes • Øystein Høgetveit <p><i>ARBEIDERPARTIET (2/3)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Reidun Hyttedalen • Bertin Bjåen <p><i>FRAMSTEGSPARTIET (1/1)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Bjørn Ronny Jervsjø
---	--

Vedtak

Kommunestyret vedtek notat om arealstrategiar, som vert førande for prosessen med grovsiling av innspel til kommuneplanens arealdel og kommunedelplanane for Åmot og Rauland. Innlemming av KDP Åmot og KDP Rauland i KPA er teke til orientering.

Med desse endringane:

- Det skal inn eit nytt kulepunkt:

Under avsnittet "I planarbeidet skal det vurderast verkemiddel for å kanalisere ferdsel for å ivareta sårbatr natur og tilrettelegging av utfartsområde - i notatet:

Planen må taka omsyn til ferdsel inn i beiteområda til husdyr, og leveområda til villrein og anna vilt.

- Endre det andre kulepunktet under andre avsnitt. Vil at det skal stå: Me vil ha levende grender, og vil fortsette med spreidd bustadbygging i grendene.

- Under "Løysingar i planen skal ta høgde for klimaendringar i sørst mogleg grad unngå klimagassutslepp som fylje av omdisponering av areal"
Karbonrike areal som myr, gamalskog og skog med høg bonitet bør ivaretakast.

Saksframlegg er godkjent av , .